

Saksnr: 2023/75114-6**Saksbehandlar:** Bjørnar Tjøflot**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		25.10.2023

Høyringsuttale til konsesjonssøknad for Bergselva kraftverk i Sunnfjord kommune**Forslag til vedtak**

1. Vestland fylkeskommune er positiv til at Bergselva kraftverk skal få konsesjon, under føresetnad av at konsesjonen sikrar avbøtande vilkår knytt til vassmiljø, friluftsliv og kulturminne.
2. Følgjande tekst skal inn som vilkår til konsesjonen: Undersøkingssplikta jf. lov om kulturminne § 9 skal oppfyllest i god tid før anleggstart og helst *før* utarbeiding av detaljplan.
3. Det er viktig at eventuell utbygging av Bergselva kraftverk ikkje får negative konsekvensar for friluftslivet knytt til Bergsheia. Ved konflikt må gode avbøtande tiltak på plass for å sikre moglegheita for friluftsutøving i området.
4. Det er difor viktig at det vert sleppt tilstrekkeleg minstevassføring heile året for å sikre ein viss produksjon av fisk og andre ferskvassorganismar (botndyr) på den råka elvestrekninga.

Samandrag

NVE har motteke søknad frå Bergselva Bygstad kraft AS om løyve til å nytte vassfallet i Bergselva til å byggje og drifte Bergselva kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg. Konsekvensutgreiing viser at kraftverket vil ha noko til mellombels negativ konsekvens for miljøet. Dette må vegast mot samfunnsnytta av fornybar kraftproduksjon. Søknaden er sendt på høyring av NVE til Vestland fylkeskommune og andre råka partar. Vedtak i denne saka sendast til NVE som høyringsuttale til konsesjonssøknaden.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør**Bård Sandal**
avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NVE har mottatt søknad frå Bergselva Bygstad kraft AS om løyve etter vassressurslova til å nytte vassfallet i Bergselva for å byggje Bergselva kraftverk. Det er også søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Bergselva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline. Tiltakshavar søker om anleggskonsesjon for 500 meter jordkabel til tilknytingspunkt mot BKK Nett. Søknaden er sendt på høyring av NVE til Vestland fylkeskommune og andre råka partar. Vedtak i denne saka sendast til NVE som høyringsuttale til konsesjonssøknaden.

Skildring av tiltaket

Bergselva Bygstad Kraft AS har søkt om konsesjon for bygging og drift av eit småkraftverk i Bergselva i Sunnfjord kommune. Planlagt inntak vil liggje ca. 650 meter nedanfor Bergsvatnet, og like ved samløpet mellom bekken «Gytten» som kjem inn fra nord og Bergselva på kote 470. Her blir det etablert ein liten betongdam. Frå inntaket er det planlagt å leggje eit ca. 1795 m langt nedgrave røyr ned til kraftstasjon på kote 124. Det er planlagt å nytte eit GRP-rør med diameter 800 mm. Det er 2 ulike alternativ for kraftstasjonsplassering. Begge ligg med kotehøgde 124 og installert effekt på 2,54 MW på andre side av Selselva kraftverk.

Utbygginga vil gje ein middelproduksjon på 6,5 GWh/år, noko som svarar til det årlege forbruket til ca. 400 husstandar. Utbyggjar legg opp til ei minstevassføring på 50 l/s i sommarhalvåret og 40 l/s i vinterhalvåret, noko som svarar til 5-persentil verdiane ved inntaket. Det blir lagt opp til å nytte eksisterande infrastruktur som skogsvegar, landbruksvegar, riggområde/velteplass og nettanlegg som alt er etablert i same prosjektområde. Såleis vil ikkje prosjektet medføre store nye inngrep i området frå i dag i midtre og nedre del. Prosjektet har også inngått samarbeid med Sunnfjord kommune for å leggje til rette for at elva blir ei reservevassløyving for vassverket i Bygstad.



Figur 1: Kartutsnitt frå vedlegg til konsesjonssøknaden som viser kvar tiltaket ligg.



Øvre del av nedbørfeltet består av konglomerat/sedimentær breksje, som ofte har mykje kvarts og sand, og dette gir næringsfattig jord og artsfattig vegetasjon. I bratthenget under Kvamshesten finst grønstein og amfibolitt, som er meir næringsrik og gunstig for planter. I midtre og nedre del av tiltaksområdet er berggrunnen hovudsakleg diorittisk til granittisk gneis og metasandstein, som vanlegvis gir ei relativt fattig vegetasjon.

Under feltarbeid i september 2021 vart det registrert fem naturtypelokalitetar i influensområdet, inkludert ei slåttemark, ei naturbeitemark og to høle eiker, med stor verdi. Kvamshesten er eit markant landemerke med fjellområde med stor geologisk verdi.

Vedtakskompetanse

Medverkнад

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ikkje relevant.

Kulturminne og kulturmiljø:

Vestland fylkeskommune har vurdert konsesjonssaka som regional kulturminnemynde. Vi vurderer at potensialet for å finne automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet er høgt. Erfaringsmessig ligg det ofte kulturminne knytt til vassmiljø. Området er ikkje tidlegare registrert, vi veit derfor ikkje om kjende automatisk freda kulturminne i planområdet. Fylkeskommunen vurderer derfor at det er nødvendig å gjennomføre § 9 undersøkingar, jfr lov om kulturminne, innanfor tiltaksområdet. I samband med ein eventuell konsesjon, skal det derfor stillast som vilkår at undersøkinga gjennomførast i god tid før anleggstart og helst *før* utarbeiding av detaljplan.

Vassmiljø:

Vestland fylkeskommune har ansvar for ikkje trua bestandar av innlandsfisk i fylket. I følgje søknaden er det mykje bart fjell og grovt substrat i elva mellom inntaket og stasjonsområdet, men stadvis er det enkelte mindre høljar med noko finare substrat (grus). Frå samløpet med Selselva og om lag 400 m oppover er det eigna habitat for fisk, og det er observert fisk ved samløpet mellom Bergselva og Selselva. Det er difor viktig at det vert sleppt ei tilstrekkeleg minstevassføring heile året for å sikre ein viss produksjon av fisk og andre ferskvassorganismar (botndyr) på den påverka elvestrekninga.

Tilstanden etter vassforskrifta er vurdert å vere god i dag. EUs vassdirektiv er omtalt i søknaden, men vi minner om at det også må gjerast ei vurdering av om tilstanden vert redusert som følge av tiltaket. Dersom tilstanden vert redusert må det gjerast ei vurdering etter vassforskrifta § 12.

Klima:

Kraftverket vil bidra med fornybar energi inn i energimiksen i fylket. Dette bidreg til at vi kan nå klimamåla våre.

Friluftsliv og folkehelse:

Inntak, røyrgate og kraftverk vil bli liggande i det kartlagde friluftslivsområdet Bergsheia, som i Sunnfjord kommune si kartlegging er vurdert som eit viktig friluftslivsområde. I Ut.no er det registrert eit turforslag som startar ved Sele og følger traktorveg og sti oppover mot Bergsvatnet. Det går fram av konsesjonssøknaden at det frå stien som går oppover langs Bergselva er liten visuell kontakt til elva, grunna tett vegetasjon og typografiske tilhøve. Det står vidare at vassdraget i større grad bidreg med lydinntrykk enn visuelle inntrykk for dei som går opp langs stien.

Vassrøyrret frå inntak til kraftverk skal gravast ned og det vil i følgje konsesjonssøknaden bli ei 20-25 meter brei røyrgate. Røyrgata vil med andre ord bli eit relativt omfattande terrenginngrep før denne revegeterast og skjulast av vegetasjon. I søknaden er konsekvensane for friluftsliv skildra som størst i anleggsfasen, grunna omfattande anleggsaktivitet og terrenginngrep knytt til etablering av inntak og røyrgate. Etter at anlegget er sett i drift, og råka område er revegetert, vil dei synlege spora av utbygginga vere små sett frå turstien.

I konsesjonssøknaden kjem det ikkje fram om stien frå Sele til Bergsvatnet blir råka av anleggsverksemd ved nedgraving av røyrgara. Ettersom røyrgata i hovudsak vil gå på motsett side av Bergselva vil stien truleg bli bevart, men det kan oppstå konflikstar ved starten av turen frå Sele, der røyrgata skal gå parallelt med traktorvegen som også nyttast av turgåarar. Eit avbøtande tiltak vil vere skilting og ev. omlegging av turtraséen på dette strekket.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar opp under FN sitt berekratsmål nr 7 – rein energi til alle.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at Vestland fylkeskommune er positiv til at Bergselva kraftverk skal få konsesjon, men det er viktig at konsesjonen sikrar at tiltaket ikkje går for mykje utover andre interesser. Det er viktig at omsynet til kulturminne, friluftsliv og vassmiljøet sikrast.